

KALEIDOSCOPE NORDIC AS  
Møllendalsveien 17  
5009 BERGEN

---

|                        |                               |
|------------------------|-------------------------------|
| <b>Dato</b>            | 19.10.2023                    |
| <b>Vår referanse</b>   | 2023/62706-5                  |
| <b>Deres referanse</b> |                               |
| <b>Saksbehandler</b>   | Lillian Bakke Byrknes         |
| <b>E-post</b>          | Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>         | 45638702                      |

## **Svar - Spørsmål om avkørysle - dispensasjon - gnr. 423 bnr. 77 Marøy - Alver kommune**

Vi viser til e-post mottatt 28.08.23.

Det vart søkt om tilbygg på eksisterande bustad på eigedom gnr. 423 bnr. 77 i Alver kommune. Vi fekk denne på uttale frå kommunen. I e-posten viser du til at Alver kommune stiller krav om avklaring med oss om bruk av avkørysle, i forbindelse med søknad om tilbygget.

Vi på avdeling for infrastruktur og veg skreiv ikkje uttale fordi det i brevet vart opplyst fra kommunen at det gjaldt søknad om tilbygg på eksisterande bustad og vi forstod det slik at tilbygget ikkje medførte noko ny bueining på bustaden og vi vil ikkje krevje søknad om utvida bruk for dette.

No ved førespurnad så ser vi at det i følgjebrevet ved søknaden til kommunen står at det er tenkt å bruke «nåværende fritidsbolig som permanent bustad/helårsbolig». Dersom bustad er registrert som fritidsbustad og det skal søkast om bruksendring til heilårsbustad så vil det vere behov for søknad endra bruk av avkørysle. Bruksendring frå fritidsbustad til bustad må avklarast med Alver kommune.

I e-posten skriv du at tiltakshavar meiner det blei søkt om utvida bruk av avkørysle når privatveg til fylkesvegen vart etablert, og viser til skjøyte for vegrett, og spør om vi har tilgang på godkjenning av avkørysle. Vi har ikkje noko i vårt arkiv då vi berre har tilgang tilbake til kring 2015 og vedlagt skjøyte er datert i 1990. De kan høre med Statens vegvesen som tidlegare var vegmynde for fylkesvegane tidlegare om dei har noko i sine arkiv.

Med hilsen

**Kari Elster Moen**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgiver  
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG